PROAKTIV



Einebustad med utleige

KJELDETEIGEN 4A



Våre kontorer

TRØNDELAG

- **Trondheim**
Bassengbakken 4,
7069 Trondheim
Tlf.: 73 99 22 55
trondheim.sentrum@proaktiv.no

- **Heimdal**
Søbstadveien 1, 7088 Heimdal
Tlf.: 72 59 92 40
heimdal@proaktiv.no

- **Moholt**
Hans Baucks veg 1,
7033 Trondheim
Tlf.: 73 20 26 50
moholt@proaktiv.no

MØRE OG ROMSDAL

- **Ålesund**
Løvenvoldgata 7, 6002 Ålesund
Tlf.: 91 73 83 52
jon@proaktiv.no

VESTLAND

- **Småstrandgt.**
Småstrandgaten 6, 5014 Bergen
Tlf.: 55 36 40 40
proaktiv.bergen@proaktiv.no

- **Arna & Åsane**
Myrdalsvegen 22, 5130 Nyborg
Tlf.: 47 50 69 11
arna.aasane@proaktiv.no

- **Voss**
Vangsgata 16, 5700 Voss
Tlf.: 56 52 19 50
voss@proaktiv.no

- **Sogn**
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
sogn@proaktiv.no

ROGALAND

- **Haugesund**
Haraldsgata 139, 5527 Haugesund
Tlf.: 90 84 36 56
haugesund@proaktiv.no

- **Stavanger**
Løkkeveien 52, 4008 Stavanger
Tlf.: 51 52 75 75
stavanger@proaktiv.no

- **Sandnes**
Langgata 3, 4306 Sandnes
Tlf.: 51 66 88 00
sandnes@proaktiv.no

- **Sola**
Solakrossen 13, 4050 Sola
Tlf.: 98 08 94 03
sola@proaktiv.no

- **Jæren**
Torgvegen 2, 4350 Kleppe
Tlf.: 51 48 22 00
jaeren@proaktiv.no

AGDER

- **KRISTIANSAND**
Fjellgata 4, 4612 Kristiansand
Tlf: 45 90 91 00
kristiansand@proaktiv.no

AKERSHUS

- **Lørenskog**
Rådmann Paulsens gate 28
1461 Lørenskog
Tlf.: 67 90 40 10
lorenskog@proaktiv.no

- **Lillestrøm**
Storgata 5A, 2001 Lillestrøm
Tlf.: 63 80 59 90
lillestrom@proaktiv.no

BUSKERUD

- **Drammen, Lier & Holmestrand**
Albums gate 15, 3016 Drammen
Tlf.: 97 74 42 47
drammen.lier@proaktiv.no

ØSTFOLD

- **Sarpsborg**
Torggata 8, 1707 Sarpsborg
Tlf: 69 12 60 60
borg@proaktiv.no

NØKKEL-INFORMASJON



Adresse: Kjeldeteigen 4A, 6856 SOGNDAL

Gnr./Bnr.: Gnr. 23, bnr. 122, i Sogndal kommune

Prisantydning: 5.300.000,-

Omkostninger: 133.590,-

Totalpris: 5.433.590,-

Kommunale avgifter: 17.555,-

Boligtype: Enebolig

Byggeår: 1978

Rom/soverom: 6/4

BRA: 182 m²

BRA-i: 164 m²

Etasje: 2

Garasje/Parkering: Eigedomen har biloppstillingsplass ved tilkomstvegen, i tillegg til parkeringsplass i carport.

Tomt: 600.1 m²

Energimerke: Energiklasse: GUL D

INNHOLD

1 Nøkkelinformasjon

4 Leder/megler

5 Kontorets side

6 Nærområdet

8 Informasjon om boligen

18 Boligen i bilder

42 Kjerneinformasjon

49 Vedlegg

116 Budskjema

«ALT SOM ER VERDT Å GJØRE, ER VERDT Å GJØRES BRA.»

Lord Philip Chesterfield

"For oss i Meklarhuset er det å mekle bustader som å spele sjakk. Vi overlet ingenting til tilfelda. Det merkar både den som skal selje bustad, og den som skal kjøpe"

Eigedomsmeklar MNEF: **Jan Rune Årøy**



Jan Rune Årøy
Eigedomsmeklar MNEF
Mobil: 950 44 240
E-post: jan.rune@proaktiv.no

AVDELING:
Proaktiv Meklarhuset Sogn
Telefon: 90 56 45 25

EIN NY KVARDAG

Med meir enn 30 år i eigedomsmarknaden har Jan Rune opparbeidd seg ei erfaring som femner breitt, frå bustader og landbruk til næringseigedom, nybygg og større utviklingsprosjekt.

Gjennom åra har han vore tett på mykje av utviklinga i Sogn, og har stått sentralt i fleire av dei større bustadprosjekta i regionen. Han kjenner både eigedomane, menneska og marknaden – og ikkje minst historia og utviklinga som ligg bak stadene vi lever og investerer i.

Særleg har Jan Rune lang erfaring frå nybygg og prosjektmarknaden og har stått sentralt i fleire av dei større bustadprosjekta i Sogn.

Flott oppgradert einebustad med utleigemogleheit. Svært solrik og usjenert beliggenheit. Carport og panoramautsikt!

Velkommen til Kjeldeteigen 4A!.

Ein einebustad i rekkje med sørvend plassering og utsikt mot fjorden. Eigedomen ligg i underkant av 2 km frå Sogndal sentrum og har gode solforhold.

Tomta er opparbeidd i skrånande terreng, med tilkomst via offentleg veg.

Bustaden er oppført i 1978 og har eit BRA på 164 m², fordelt på underetasje og hovudetasje.

Bustaden har normalt god standard og er oppgradert over tid, mellom anna med kjøkken frå 2016, bad i hovudetasjen frå 2013, bad i hybelen frå 2009, vaskerom frå 2016 og bad i underetasjen frå 2022.

Planløysinga omfattar gang, stove/kjøkken, fire soverom, tre bad, vaskerom og boder. Utvendig er det veranda i hovudetasjen og platting ved inngangane i underetasjen, med eit samla TBA på 42 m². Eigedomen har carport og biloppstillingsplass.



Eigedomsmeklar MNEF **Jan Rune Årøy**



Verdifulle kunder fortjener **verdifull** rådgivning.



Proaktiv Meklarhuset Sogn

Lokale meklarar som ser meir enn ein eigedom.

Beliggenhet
Kontoret ligg sentralt på Fosshaugane Campus, eit etablert og levande område med kort veg til Sogndal sentrum.

Proaktiv Meklarhuset Sogn
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
E-post: sogn@proaktiv.no

I Proaktiv Meklarhuset Sogn kjenner me Sogn, eigedomane og menneska som bur her. Men god eigedomsmekling handlar om meir enn lokalkunnskap. Det handlar om å sjå det kunden ein gong såg, og å formidle meir enn rom, kvadratmeter og planløysingar.

For oss handlar det om å få fram potensialet for eit liv. Kva er det som gjer akkurat denne staden spesiell? Kva er det som gjer at den rette kjøparen kan sjå for seg seg sjølv her?

Det krev erfaring, presisjon og godt handverk. Det krev at me kjenner marknaden, forstår menneska og veit korleis ein eigedom skal presenterast for å treffe dei rette.

Me er eit erfarent lag med ulik kompetanse og sterke lokale røter. Sammen jobbar me for at kvar eigedom skal få den merksemda han fortener, og at både seljar og kjøpar skal kjenne seg trygge gjennom heile prosessen.

For oss handlar det ikkje berre om å selje ein eigedom. Det handlar om å finne den rette kjøparen, den som ser meir enn ein bustad og kan sjå for seg eit liv der.



SOGNDAL

Kommune: *Sogndal* / ***Område:*** *Kjeldeteigen*

Med ein ny bustad følgjer ei ny plassering. Du kjøper på mange måtar det området rundt har å by på. Butikkar, turområde, avstand til skular og barnehagar, eller studiestader og kulturscener. Bur du rett – har du det betre.

Beliggenheit

Eigedomen ligg sentralt og attraktivt til like ved Sogndal sentrum, med kort avstand til skule, barnehage, butikkar og eit breitt utval av servicetilbod.

Her bur ein sentralt, med om lag 15 minutt gange til Sogndal sentrum og rundt 10 minutt til Fosshaugane Campus. På Campus finn ein mellom anna treningssenter, klatresenter, storhall, høgskule og vidaregåande skule.

I sentrum finn ein mellom anna Sogningen Storsenter med eit variert butikktilbod, i tillegg til kaféar, restaurantar, kulturhus og kino. Den populære Fjordstien ligg også lett tilgjengeleg og byr på fine turmoglegheiter langs fjorden, mellom anna mellom Loftesnesbrui og Bondeviki





VELKOMMEN TIL KJELDETEIGEN 4A

Flott oppgradert einebustad med utleigemogleheit. Svært solrik og usjenert beliggenheit. Carport og panoramautsikt!

Parkering
Eigedomen har biloppstillingsplass ved tilkomstvegen, i tillegg til parkeringsplass i carport.

Tomtestørrelse
600,10 m²

Beskrivelse av tomt
Opparbeidd tomt i skrånande terreng. Det er biloppstillingsplass nede ved tilkomstvegen og carport. Tilkomst til bustaden frå sør via terrengtrapp i bratt terreng. Det er eit flatt parti utanfor bustaden mot sør, medan terrenget elles er bratt.

Gnr. 23 Bnr. 122 Fnr. 9 er 600 kvm.
Gnr. 23 Bnr. 122 er 2 131 kvm (eigarbrøk er 1/11)
Gnr. 23 Bnr. 122 Fnr. 8 er 815 kvm (eigarbrøk er 1/11)

TAKST OG TILSTAND

Byggemåte
Einebustaden er oppført i 1978 med grunnmur av Leca, stadvis pussa innvendig og utvendig. I underetasjen er det pussa mur.

Ytterveggane har liggjande enkelfalsa kledning med hjørnekassar på utvendige hjørne og vassbrett utan beslag over og under vindauga. Det er òg skildra murveggar i underetasjen i følgje vedlagt tilstandsrapport.

Taket er utført med plassbygde takstolar og kaldloft over innreidde rom. Taket er tekt med Decra stålplater og er inspisert med drone og observert frå bakkenivå. Takrennene er av metall mot sør og plast mot nord, med nedløp ført til terreng. Det er inntekkingsbeslag over tak og stigetrinn til skorsteinen.

Bustaden har eittløps pipe med innvendig puss, måla i hovudetasjen, og inndekkingsbeslag over tak. Det er vedomn i stova i 1. etasje og forblending på brannmuren.

Etasjeskiljet mellom underetasjen og hovudetasjen er utført som trebjelkelag, medan golvet på grunn i underetasjen har ukjend oppbygging i følgje vedlagt tilstandsrapport.

Vindauga har isolerglas i trekarmar og består av både faste vindauge og glidehengsla opningsvindauge. Vindauga har måla innvendige fôringar og listverk. Bustaden har enkelte eldre vindauge frå byggjeåret, medan vindauga på kjøkken, soverom, bad og i hybeldelen er skifta i nyare tid.
Bustaden har overflatebehandla kompaktdør ved hovudinngangen, ramtre- dør med glas til verandaen og nyare ytterdører.

Verandaen i hovudetasjen er understøtta på søyler med trebjelkar, anteken tekking med asfaltbelegg og terrassebord er det opplyst i vedlagt tilstandsrapport, rekkverk med glasplater og skjermvegg mot vest. Det er òg platting med terrassebord framfor inngangane i underetasjen, samt terrengtrapp i tre frå parkeringsplassen og ei smal tretrapp mot aust.

Løysinga for drenering er ukjend, men det er synleg



HOVUDETASJEN HAR EI LYS OG ROMSLEG STOVE SOM KJEM I EI DELVIS OPA LØYSING MED KJØKKENET.

ROMSLEG OG
INNHALDSRIK
EINEBUSTAD MED
FANTASTISK UTSIKT



grunnmursplast på oversida av bustaden i følgje vedlagt tilstandsrapport.

TG2 - Avvik som kan kreve tiltak:

Utvendig – Taktekking
Avvik:
- Det er noko misfarging, sprik og mindre skadar.
- Utstikk på vindskiene har ikkje beslag heilt ut på enden.
- Det er registrert avvik ved gavlbeslag.

Utvendig – Nedløp, beslag og skorsteinar over tak
Avvik:
- Det er registrert avvik ved takrennene mot nord.
- Det er registrert avvik ved inntekkingsbeslaget på skorsteinen.

Utvendig – Takkonstruksjon/loft
Avvik:
- Det er enkelte fuktskjolder.
- Det er stadvis hol i diffusjonssperra.

Utvendig – Ytterveggar/veggkonstruksjon
Avvik:
- Det er påvist sprekkar i mura/pussa fasadar.
- Det er påvist manglande gnagarsikring (musetetting).
- Det er forhold ved detaljar, materialval, innfesting, overgangar, vedlikehald og fagleg utføring som kan gi forkorta levetid.

Utvendig – Vindauge og takvindauge/takluker/overlys
Avvik:
- Vindauga har usikker framtidig funksjon då isolerglasrutene er eldre enn 35 år.
- Det er registrert avvik ved innsettingsdetaljar.

Utvendig – Ytterdører
Avvik:
- Det er registrert avvik ved verandadøra.

Utvendig – Balkongar, verandaer, takterrassar og altanar
Avvik:
- Det er slark i rekkverket.
- Det er registrert avvik ved membranen.
- Det er liten avstand mellom endane på sløyfene og plattingen i 1. etasje.

Utvendig – Utvendige trapper

Avvik:
- Det er stadvis lause og mangelfulle trinn i trappa ved hovudtilkomsten.
- Det er ikkje montert rekkverk på den utvendige trappa på austsida av bustaden.
- Trappene har tretrinn og kan vere glatte.

Innvendig – Overflater, golv
Avvik:
- I hybelen er det fuktskade under kjøleskapet og mindre skadar i overflatene.
- Det er stadvis symptom på noko knirk i laminatgolva i bustaden.

Innvendig – Overflater, veggar og himlingar
Avvik:
- Det er ein del synlege overgangar og skøytar på måla plater.
- Det er stadvis noko avskaling og slitasjemerke.

Innvendig – Etasjeskilje og berande konstruksjonar
Avvik:
- Det er målt lokal høgdeskilnad på meir enn 15 mm.
- Det er stadvis nivåskilnad.

Innvendig – Rom under terreng (kjellar, underetasje, sokkeletasje)
Avvik:
- Det er påvist skadar på overflater i form av riss og sprekkar.
- Det er synleg grunnmur i bodene, og det er registrert kalkutslag som tyder på fukttrekk gjennom grunnmuren.

Innvendig – Skadedyr og fuktkrevjande insekt
Avvik:
- Det er påvist inngangsvegar for gnagarar bak kledninga enkelte stader.

Tekniske installasjonar – Innvendige vassleidningar
Avvik:
- Koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar er eldre enn 33 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tekniske installasjonar – Innvendige avløpsrøyr
Avvik:
- Det er ikke avklart om det kan vere eldre støpejernsrør i grunnen.

Tekniske installasjonar – Varmtvassberedar/tank
Avvik:
- Varmtvassberedaren er over 20 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tomteforhold – Fuktsikring og drenering
Avvik:
- Det er påvist punktvis avflassing eller utfelling (salt-/kalkutslag) på puss i bodene.

Tomteforhold – Grunnmur og fundament
Avvik:
- Grunnmuren har enkelte sprekkdanningar som er synlege både innvendig og utvendig.

Tomteforhold – Forstøtningsmurar
Avvik:
- Det er registrert sprekkar og mindre deformasjonar.

Tomteforhold – Terrengforhold
Avvik:
- På oversida av bustaden kan eventuelt overflatevatn verte leia mot grunnmuren på grunn av det bratte terrenget.
- Eigedomen ligg i eit rasfarleg/skredutsett område i samsvar med kommunedelplan/NVE.

Tomteforhold – Utvendige vass- og avløpsleidningar inkl. overvatn og avløp frå drenering
Avvik:
- Type vassleidning er ukjend, og det er difor vanskeleg å vurdere uvissa knytt til framtidig funksjon.
- Type avløpsleidning er ukjend, og det er difor vanskeleg å vurdere uvissa knytt til framtidig funksjon.

Våtrom – Underetasje – Bad – Dokumentasjon for våtrom
Avvik:
- Det ligg ikkje føre dokumentasjon på utføringa av det vasstette sjiktet.

Våtrom – Underetasje – Bad – Vasstett sjikt, membran og sluk
Avvik:
- Det er symptom på fukt mellom baderomspanelet og golvbelegget i nedre kant av hjørnet inne i dusjnisja.

Våtrom – Underetasje – Bad – Sanitærutstyr og innreiing
Avvik:
- Det er ikkje påvist utløp under toalettet for å synleggjere eventuell lekkasje frå den innebygde sisterna.

Våtrom – Underetasje – Vaskerom – Dokumentasjon for våtrom
Avvik:
- Det ligg ikkje føre dokumentasjon på utføringa av det vasstette sjiktet.

Våtrom – Underetasje – Vaskerom – Tilstøytande konstruksjonar
Avvik:
- Veggane med installasjonar vender mot murveggar til hybelen og grunnmuren, og det er difor ikkje utført holtaking.

Våtrom – Underetasje – Bad/vaskerom i hybel – Dokumentasjon for våtrom
Avvik:
- Det ligg ikkje føre dokumentasjon på utføringa av det vasstette sjiktet.

Våtrom – Underetasje – Bad/vaskerom i hybel – Overflater, veggar og himling



HAGEN ER FINT OPPARBEID MED PLENAREAL OG TERRASSE.



Avvik:
- Det er svelling i plateskøytane bak badekaret og symptom på fukt bak platene.

Våtrom – Underetasje – Bad/vaskerom i hybel – Overflater, golv
Avvik:
- Det er noko lite fall på golvet.

Våtrom – Underetasje – Bad/vaskerom i hybel – Vasstett sjikt, membran og sluk
Avvik:
- Baderomspanelet er eldre enn 10 år, og det manglar dokumentasjon. Det vasstette sjiktet har difor usikker framtidig funksjon.
- Det er symptom på fukt bak baderomsplatene bak badekaret.

Våtrom – Hovudetasje – Bad – Dokumentasjon for våtrom
Avvik:
- Det ligg ikkje føre dokumentasjon på utføringa av det vasstette sjiktet.
- Det ligg ikkje føre godkjend dokumentasjon på diffusjonssperre mot kald sone. Diffusjonssperre mot kald sone er ei fuktsperre som hindrar at varm og fuktig luft frå våtrommet trengjer inn i kalde konstruksjonar og fører til kondens og skadar.

Våtrom – Hovudetasje – Bad – Overflater, golv
Avvik:
- Det er påvist avvik i fallforhold mot sluk samanlikna med krava i forskrifta på tidspunktet for synfaringa.
- Det er symptom på bom (holrom) under enkelte fliser mot døra.

Våtrom – Hovudetasje – Bad – Vasstett sjikt, membran og sluk
Avvik:
- Det er ikkje tilstrekkeleg høgde frå toppen av slukrista til toppen av det vasstette sjiktet ved røyrgjennomføring eller døropning, samanlikna med krava i forskrifta på tidspunktet for synfaringa.
- Det er registrert oppfôringsringar på sluka. Det har vist seg at det tidvis kan oppstå lekkasjar i slike oppfôringsringar.

Carport:
Carport/parkeringsplass er oppført i betong. Det er registrert enkelte sprekkdanningar og synleg armering i betongkonstruksjonen. Konstruksjonen er av eldre dato og har behov for vedlikehald. Ifølgje tilstandsrapporten er det tilrådd nærare undersøking og vurdering av aktuelle tiltak.

Kjøpar pliktar å gjere seg kjend med innhaldet i tilstandsrapport og i eigenerklæring frå seljar som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Bygningssakskyndig
Kjell Tokvam AS (befaringsdato: Mandag, 21. september 2026)

Samandrag seljars eigenerklæring
Eigenerklæring frå seljar:

Bustaden vart kjøpt i 2021.
Seljar har budd i bustaden dei siste 12 månadene.

2. Er det utført arbeid på bad, vaskerom eller toalettrom?
Ja.
Firmanamn: Gangdal Røyrservice, 2022 – faglært.
Skildring: Nytt arbeid utført i 2022. Røyrleggjararbeid i samband med nytt bad i gangen nede. Det ligg føre dokumentasjon på arbeidet.

3. Har det leke vatn utanfrå og inn, eller er det observert andre teikn til fukt?
Ja.
Skildring: Litt kalkutslag på betongvegg i kjellarbod.

4. Er det utført arbeid på tak, yttervegg, vindauge eller annan fasade?
Ja.
Firmanamn: Ole Bernt Nornes Tømrar- og betong, 2024 og 2025 – faglært.
Skildring: I 2024 vart vindauge i utleigedelen skifta. I 2025 vart vindauge på hovudsoverommet, kjøkkenet og soverommet nede skifta. Det ligg føre dokumentasjon på arbeida.

6. Har bustaden kjellar, underetasje eller andre rom under bakken?
Ja.

7. Er det observert vatn eller fukt i kjellar, krypkjellar eller underetasje?
Ja.
Skildring: Litt kalkutslag på betongvegg i kjellarbod.

10. Er det utført arbeid på det elektriske anlegget?
Ja.
Firmanamn: Solberg El-service, 2022 og 2025 – faglært.
Skildring: I 2022 vart det rydda i sikringsskapet i samband med installering av nytt bad i gangen nede. I 2025 vart eit knekt jordingsspyd skifta ut, og det vart installert elbilladar. Det ligg føre dokumentasjon på arbeida.

13. Er det utført arbeid på utvendige eller innvendige avløpsrøyr eller vassrøyr?
Ja.
Firmanamn: Gangdal Røyrservice, 2022 – faglært.
Skildring: I samband med installering av nytt bad i 2022 vart avløpsrøyr frå badet i gangen nede kopla til avløpsrøyret frå badet i utleigedelen. Det ligg føre dokumentasjon på arbeidet.

16. Er det utført arbeid på varmeanlegg eller ventilasjonsanlegg?
Ja.
Firmanamn: Eco Sogn, 2026 – faglært.
Skildring: Det vart utført service på varmepumpa i 2026. Det ligg føre dokumentasjon på arbeidet.

17. Er det teikn til setningsskadar eller sprekkar i til dømes grunnmur eller fliser?
Ja.
Skildring: Det er ein liten sprekk i grunnmuren på framsida av huset, på høgre side når ein står vend mot inngangsdøra.

19. Har det vore skadedyr i bustaden eller andre bygningar på eigedomen?
Ja.
Skildring: Det har vore mus som har kome inn ved utedelen til varmepumpa. Det vart utført tiltak etter at skadedyrfirma vart kontakta for nokre år sidan.

24. Har du bygd på eller gjort om kjellar, loft eller andre areal til bustadrom?
Ja.
Firmanamn: Ole Bernt Nornes Tømrar- og betong, Gangdal Røyrservice og Solberg El-service, 2022 – faglært.
Skildring: Det tidlegare fyrrommet vart bygd om til bad i 2022. Det ligg føre dokumentasjon på arbeidet.
Er det innvilga løyve frå kommunen for ombygginga? Nei, tiltaket er opplyst å ikkje vere søknadspliktig.

25. Vert eigedomen seld med utleigedel som leilegheit, hybel eller liknande?
Ja.



VELKOMMEN INN!

Me har sett på fasade, uteplassar og tekniske beskrivelsar. No skal me inn i bustaden og ta for oss alle rom.

Innhald
Einebustaden er på 2 etasjar og inneheld følgjande:

Hovedetasje:
Gang, stove/kjøkken, bad og 2 soverom

Underetg:
Hovuddel:
Vindfang, hall m/trapp, gang, bad, vaskerom, bod og 2 soverom.

Utleigedel:
Gang, stove/kjøkken/alkove, bad/vaskerom og bod.

I tillegg er det cartport på eigedomen.

Areal
Einebustad

Bruksareal:
Underetasje
BRA-i: 77 kvm
Total BRA: 77 kvm

1. etasje
BRA-i: 87 kvm
Total BRA: 87 kvm

Terrasse- og balkongareal:
Underetasje: 20 kvm

1. etasje: 22 kvm

Carport

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 18 kvm
Total BRA: 18 kvm

Areala er henta frå tilstandsrapport utført av autorisert takstmann og er i samsvar med NS 3940. Meklar har ikkje kontrollert areala.

Ikkje målbare areal
Carport:
Ope areal som ikkje er målbart.

Standard
Einebustaden vart oppført i 1978 og framstår som normalt godt vedlikehalden ut frå alder og byggjeår. Det er gjennom åra utført fleire innvendige oppgraderingar og utvendig vedlikehald. Mellom anna er delar av vindauga og ytterdørene skifta, og taktekkinga er truleg fornya etter byggjeåret i følgje vedlagt tilstandsrapport. Årstal for taktekkinga er ikkje kjent. Våtromma er oppgraderte i seinare tid. For fleire av bygningsdelane er det gitt TG2, mellom anna som følgje av alder, forventa levetid og forhold som kan krevje tiltak eller nærare undersøkingar.
For nærare omtale av tilstand, avvik og eventuelle tiltak blir det vist til vedlagde tilstandsrapport.

Opplysningar om innvendige overflater er henta frå vedlagt tilstandsrapport:

STOVA HAR EI FIN UTFORMING.



Golv: I hovudsak laminatgolv, samt vinylbelegg på eitt soverom i underetasjen.
Veggar: I hovudsak måla, glatte plater, stadvis MDF-plater.
Tak: I hovudsak måla himlingar, stadvis MDF-panel.

Hovedetasje:
Hovedetasjen inneheld stove og kjøkken i ei delvis opa løysing, med god plass til både sitjegruppe og spisebord. Stova har store vindaugsflater som gjev rikeleg med dagslys og flott utsikt over bygda. Ein vedomn sørgjer for ekstra oppvarming og bidreg til ei lun atmosfære. Frå stova er det direkte utgang til verandaen, der ein kan nyte den same flotte utsikta.

Kjøkkenet er frå 2016 og har innreiing med skapseksjonar og kvite, profilerte frontar. Over benkeplatene er det Respatex. Kjøkkenet har ei praktisk utforming med gode arbeidsflater og rikeleg med oppbevaringsplass.
Av kvitevarer er det platetopp, oppvaskmaskin, steikeomn og dampomn, medan kjøle-/fryseskapet er frittståande. Kjøkkenet har eigen ventilator med avtrekkskanal ført ut via loftet.

Badet er frå 2013 og har flislagt golv og veggar, samt himlingsplater. Golvet har høgdebrekk og fall mot to sluk. Rommet er innreidd med nedfelt servant med skuffer, spegelskåp med lys, vegghengt toalett, dusjkabinett og ekstra skåp for oppbevaring. Det er montert avtrekksvifte.

Etasjen inneheld i tillegg to lyse og trivelege soverom, begge innreidde med garderobeskåp.
Frå gangarealet er det trapp ned til underetasjen. I trapperommet er også varmepumpa montert.

Underetg:
Hovuddelen og utleigedelen har kvar sitt separate inngangsparti i underetasjen, med eigen utvendig tilkomst. Dette gir ei praktisk løysing der dei to delane kan nyttast uavhengig av kvarandre.

Del av etasjen som tilhøyrer hovuddelen:
To romslege soverom med plass til dobbeltseng og ønskja garderobeløysing. Frå det eine soverommet er det tilkomst til ei praktisk innvendig bod som gir ekstra oppbevaringsplass.

Badet i underetasjen er frå 2022 og har vinylbelegg på golvet og baderomspanel på veggane. Rommet er innreidd med vegghengt toalett, servant med skuffer, spegel og dusjhjørne med innfellbare glasdører. Det er montert avtrekksvifte. Innbygd sisterne med sealingbag som lekasjesikring.







vik kan førekoma.

DEI STORE VINDAUGSFLATENE GJEV RIKELEG MED DAGSLYS.



Vaskerommet er frå 2016 og har vinylbelegg på golvet med oppbrett under baderomspanelet og oppkant mot terskelen, samt fall mot sluk. Veggane har baderomspanel, medan himlinga er kledd med plater.
Rommet har god storleik og er praktisk innreidd med benkeplate, underskåp og skuffer, utslagsvask i stål, hyller og opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Det er montert avtrekksvifte og luftespalte i døra.

Utleigedel:
Utleigedelen har eigen inngang og ei kompakt og praktisk planløysing med stove/kjøkken, sovealkove, bad og bod. Stova har plass til ei mindre sitje- og spisegruppe og er kombinert med ein enkel kjøkkendel med komfyr, benkeplate og utslagsvask. Frå kjøkkendelen er det tilkomst til ei mindre bod som gir ekstra lagringsplass. I tilknyting til stova er det også ei praktisk sovealkove.
Badet er frå 2009 og har flislagt golv, baderomspanel på veggane og himlingsplater. Rommet er innreidd med badekar med enkel dusj, nedfelt servant med skuffer, golvmontert toalett og spegelskåp med lys. Det er i tillegg opplegg for vaskemaskin og montert avtrekksvifte.

Tekniske installasjonar:
- Vassleidningar: Bygningen har både eldre koparrøyr og nyare røyr-i-røyr-system som er montert i samband med nyare våtrom.
- Avløpsrøyr: Tidstypisk anlegg med avløpsrøyr av plast. Det er uavklart om botnleidningane kan vere av soil eller plast frå byggeåret i følgje vedlagt tilstandsrapport.
- Ventilasjon: Avtrekk frå kjøkken og våtrom. Elles er det ventilar og spalteventilar i vindauga.
- Varmtvassberedar: 200 liters varmtvassberedar frå 1978, plassert på vaskerommet.
- Elektrisk anlegg: Skjult installasjon og sikringsskap med automatsikringar, plassert i gangen i hybeldelen. Eigar opplyser at det vart utført kontroll av anlegget i 2026.
- Branntekniske forhold: Bustaden har brannsløkkingsapparat og røykvarslar. I 2.etg er det rømning via opningsvindauge.
- Eit tidlegare fyrrom i underetasjen er i seinare tid bygd om til bad. Eigar opplyser at det ikkje er registrert attståande installasjonar eller tank knytt til det tidlegare anlegget i følgje vedlagt tilstandsrapport.

Forhold som openbert kan medføre fare for helse, miljø og tryggleik:
- Det er ikkje montert rekkverk på den utvendige trappa på austsida av bustaden.
- Trappene har tretrinn og kan vere glatte.
- Det er ikkje utført radonmålingar, og bygningen er heller ikkje utført med radonsperre.
- Det er påvist brennbart materiale nærare enn 300 mm frå sotluke/feieluke. Dette aukar risikoen for antenning ved varme, gnistar eller sotrester og kan medføre brannfare og fare for liv og helse.
- Opningar i rekkverk er større enn dagens forskriftskrav til rekkverk i innvendige trapper.
- Opningar mellom trinna i den innvendige trappa er større enn dagens forskriftskrav.



KJØKKEN

Kjøkkenet er frå 2016 og har innreiing med skapseksjonar og kvite, profilerte frontar.







BADEROM

Badet er frå 2013 og har flislagt golv og veggar, samt himlingsplater.





- Det manglar handløpar på vegg i trappeløpet, det vil seie list, stong eller handtak langs trappeløpet som ein held i når ein går opp eller ned trappa.
- Eigedomen ligg i eit rasfarleg/skredutsett område i samsvar med kommunedelplan/NVE.

Oppvarming
- Elektrisk oppvarming
- Vedovn i stue hovudetasjen

Info energiklasse
Alle eigedomar som vert selde eller leigde ut, skal ha energiattest. Det gjeld mellom anna unntak for frittståande bygningar med bruksareal på mindre enn 50 m².
Det er eigar som pliktar å leggje fram energiattest, og eigar er sjølv ansvarleg for at opplysningane er korrekte. For ytterlegare informasjon, sjå www.energimerking.no.
Dersom eigar har energimerkt eigedomen, kan komplett energiattest fåast ved å kontakte meklar.
Dersom eigar ikkje har lagt fram energiattest, og etter skriftleg oppmoding frå kjøpar heller ikkje har lagt fram energiattest før avtale om sal er inngått, kan kjøpar få utarbeidd ein energiattest ved hjelp av ein ekspert for seljar si rekning. Dette må gjerast innan eitt år etter at avtale om sal er inngått.

Kvitevarer
Kvitevarer som følgjer med i salet er:
- Kombinert kjøleskåp og frys
- 2 steikeomnar (den eine er dampomn)
- Platetopp
- Oppvaskemaskin
- Vaskemaskin
- Tørketrommel

Modernisering og påkostningar
2022: Modernisering: Bad i underetasje
2013: Modernisering: Bad i hovedetasje
2009: Modernisering: Bad i hybel
2016: Modernisering: Vaskerom i underetasje
2016: Modernisering: Kjøkken

Hvitevarer
Kvitevarer som følgjer med i salet er:
- Kombinert kjøleskåp og frys
- 2 steikeomnar (den eine er dampomn)
- Platetopp
- Oppvaskemaskin

Vaskemaskin og tørketrommel følgjer ikkje med i salet.

HOVUDETASJEN HAR 2 SOVEROM.















BAD, KJØKKEN OG SOVEALKOVE





UTLEIGEDEL

Utleigedelen har eigen inngang og ei kompakt og praktisk planløysing med stove/kjøkken, sovealkove, bad og bod.



BUSTADEN HAR EIN VERANDA AV GOD STORLEIK MED UTSIKT MOT BÅDE FJORDEN OG MOT DALEN.









PLANTEGNING 2D

Hovudetasje



Avvik kan førekoma.

PLANTEGNING 3D

Hovudetasje



:oma.

PLANTEGNING 2D

Underetasje



:an førekoma.

PLANTEGNING 3D

Underetasje



(oma.

KJERNEINFORMASJON

BESKRIVELSE AV EIENDOMMEN

Tomtestørrelse
600,10 m²

Beskrivelse av tomt
Opparbeidd tomt i skrånande terreng. Det er biloppstillingsplass nede ved tilkomstvegen og carport. Tilkomst til bustaden frå sør via terrengtrapp i bratt terreng. Det er eit flatt parti utanfor bustaden mot sør, medan terrenget elles er bratt.

Gnr. 23 Bnr. 122 Fnr. 9 er 600 kvm.
Gnr. 23 Bnr. 122 er 2 131 kvm (eigarbrøk er 1/11)
Gnr. 23 Bnr. 122 Fnr. 8 er 815 kvm (eigarbrøk er 1/11)

Årlig festeavgift
3.475,-

Festekontrakt datert
Torsdag, 1. januar 1976

Regulering av festeavgift
Neste regulering av festeavgift er i 2035

Festetid
80 år

ØKONOMI

Forsikring
Forsikringsselskap Storebrand
Polisenummer 3523019

Formuesverdi primær
1.081.285,- for 2024

Formuesverdi sekundær
4.325.140,- for 2024

Info kommunale avgifter
Kommunale avgifter inkluderar:
- Vatn
- Avløp
- Simas
- Feiing kvart 4-6 år
- Eigedomsskatt

Totalt inkl. eigedomsskatt kr 29 665,-

Kommunale avgifter
17.555,- for 2026

Eiendomsskatt
12.110,- for 2026

Kjøpers ansvar for øvrige sameieres mislighold
For felles ansvar og forpliktelser hefter den enkelte sameier i forhold til sin sameiebrøk, jf. eierseksjonsloven § 30

Info formuesverdi
Beløpet for formuesverdi primær er oppgitt av seljar.
Meklar har ikkje motteke opplysningar om sekundær



formuesverdi.

Stortinget har vedteke ein ny modell for berekning av formuesverdi for bustad. Den nye berekningsmodellen fastset bustadverdiar basert på grunnkrinsar i staden for kommunar, og skal nyttast frå og med inntektsåret 2026.
Dette kan medføre at marknadsverdien vert sett høgare eller lågare enn tidlegare, og inneber at både seljar og meklar kan nytte tal som ikkje nødvendigvis er oppdaterte på tidspunktet salsoppgåva vert utarbeidd.
Det vert difor teke atterhald om at formuesverdien kan verte endra og eventuelt auke ved endeleg fastsetjing i skatteåret.
For primærbustad utgjer formuesverdien 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr 14 000 000, og deretter 70 % av den delen som overstig dette beløpet.
For sekundærbustad utgjer formuesverdien 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.

Andre utgifter
Seljar opplyser om følgjande faste løpande kostnader/forbruk:
- Straumforbruk: Ca kWh pr. år er 26 000, dette inkluderer også lading av elbil.
- Husforsikring: Kr 9 360,- pr år hos Storebrand, og polisenummer er 3523019
- Fiber: Kr 729,- pr mnd
- Festeavgift: Kr. 3 475,- pr år.

Utgiftene er basert på noverande eigars forbruk og vil derfor variere ut frå abonnement og avtale ein har.
Det må påreknast faste løpande utgifter til internett, straum, innbuforsikring og kommunale avgifter bl.anna.

Diverse
Det ligg føre godkjende og byggjemelde teikningar, men det er avvik frå desse.
Bad og vaskerom i underetasjen er innreidde med avvik frå planteikninga. Takhøgda i underetasjen er målt til mellom ca. 235 og 237 cm, medan takhøgda i hovudetasjen er ca. 236 cm.
Bod i underetasje er innreia som soverom.

Carport:
Det ligg ikkje føre teikningar.

OFFENTLIGE FORHOLD

Ferdigattest/Midlertidig brukertillatelse
Det føreligg ikkje ferdigattest eller mellombels bruksløyve i kommunen sine arkiv.

Ferdigattest er en sluttattest fra bygningsmyndighetene om at et søknadspliktig tiltak er ferdigstilt. At evt. ferdigattest / midl. brukstillatelse eksisterer, gir ingen garanti for at det ikke er utført arbeid som ikke er byggemeldt eller godkjent.

Tinglyste heftelser og rettigheter
På eiendommen er det tinglyst følgende heftelser og rettigheter som følger eiendommens matrikkel ved overskjøting til ny hjemmelshaver:

4640/23/122/9:
24.05.1977 - Dokumentnr: 1344 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 813
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM FORLENGELSE
BESTEMMELSER OM OVERDRAGELSE AV KONTRAKTEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:6 F

01.01.2020 - Dokumentnr: 868687 - Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1420 Gnr:23 Bnr:122
Gjelder denne registerenheten med flere

4640/23/122:
24.05.1977 - Dokumentnr: 1344 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 813
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM FORLENGELSE

BESTEMMELSER OM OVERDRAGELSE AV KONTRAKTEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:6 F

01.01.2020- Dokumentnr: 868687
Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1420 Gnr:23 Bnr:122
Gjelder denne registerenheten med flere

05.10.1979 - Dokumentnr: 2745 - Festekontrakt - vilkår
Gjelder feste
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 2,363
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT

13.05.1976 - Dokumentnr: 1050 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG LEIE PR. KV. M: NOK 0,75
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
BESTEMMELSER OM GJERDEPLIKT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:1 F

26.05.1976 - Dokumentnr: 1149 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG LEIE PR. KV. M: NOK 0,75
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
BESTEMMELSER OM GJERDEPLIKT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:2 F

08.06.1976 - Dokumentnr: 1235 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG LEIE PR. KV. M: NOK 0,75
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
BESTEMMELSER OM GJERDEPLIKT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:3 F

01.11.1976 - Dokumentnr: 2738 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG LEIE PR. KV. M: NOK 0,75
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Kan overdras uten samtykke av
hjemmelshaver/utleier
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:5 F

24.05.1977 - Dokumentnr: 1344 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
Årlig festeavgift: NOK 813
Pant for forfallen festeavgift
Vilkår om forlenging
Vilkår om overdraging og innløysing
Eiged utskild frå feste nr. 6
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:9 F

03.06.1977 - Dokumentnr: 1418 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 757
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM GJERDEPLIKT
BESTEMMELSE OM VILKÅR FOR SLETTELSE AV
LEIEKONTRAKT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:4 F

14.03.1978 - Dokumentnr: 617 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 144
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:7 F

05.10.1979 - Dokumentnr: 2745 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 2,363
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT

05.10.1979 - Dokumentnr: 2745 - Festekontrakt - vilkår
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 2,363
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT
BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Gjelder denne registerenheten med flere
Gjelder matrikkelenhet: Knr:4640 Gnr:23 Bnr:122 Fnr:8 F

04.12.1975 - Dokumentnr: 2987 - Registrering av grunn
Denne matrikkelenhet opprettet fra:
Knr:4640 Gnr:23 Bnr:6

4640/23/122/8
05.10.1979 - Dokumentnr: 2745 - Festekontrakt - vilkår
Gjelder feste
Festetid: 80 år
ÅRLIG AVGIFT NOK 2,363
PANT FOR FORFALT FESTEAVGIFT

BESTEMMELSER OM REGULERING AV LEIEN
BESTEMMELSER OM INNLØSNINGSRETT
Gjelder denne registerenheten med flere

01.01.2020 - Dokumentnr: 868687 - Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1420 Gnr:23 Bnr:122
Gjelder denne registerenheten med flere

Regulerings- og arealplaner
Eigedomen er regulert til bustadføremål. Reguleringsplan for Kjeldeteigen - Sjorhamar - Klokkarbergi er gjeldande for dette området.

Vei/Vann/Avløp
Eigedomen har tilkomst via offentleg veg.

Eigedomen er tilknytt kommunalt leidningsnett via private stikkleidningar. Eigar er sjølv ansvarleg for dei private stikkleidningane fram til bygningen. For private fellesleidningar er det normalt solidarisk vedlikehaldsplikt.

Legalpant
Kommunen har legalpant i eigedomen. Dette gjeld alle bebygde eigedomar i alle kommunar i Norge. På eigedomen kan det være tinglyst erklæringar/avtalar som for eksempel rett til kommunen til å anlegge vatn og kloakkleidningar inkl. reparasjon av desse. Bestemmelsar om bebyggelse, gjerder, adkomstrettigheter. Desse erklæringene/avtalene vil følge eigedomen ved sal og kan ikkje slettast.

Radonmåling
Eigedomen ligg i område med aktomheitsgrad – Moderat til lav i følgje vedlagt NGU radonkart.

Det vert gjort merksam på at det ved utleige er krav om å gjennomføre radonmåling, og at forsvarlege nivå skal kunne dokumenterast. Kravet gjeld alle typar utleigebustader, inkludert leilegheiter og hyblar i tilknyting til eigen bustad, så lenge det vert betalt husleige.
I dei tilfella der det ikkje er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særleg merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

Adgang til utleie
Utleigedelen er utleigd i dag.
Husleiga er i dag kr 7 000 per månad, inkludert straum og internett. Oppseiingstida er 3 månader.

Det er ikkje kjent at det ligg føre offentlegrettslege reglar som er til hinder for at heile eigedomen vert leigd ut.

Det er krav om forsvarlege radonnivå i utleigebustader. I dei tilfella der det ikkje særskilt er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særleg merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

Offentligrettslig pålegg
Det gjøres oppmerksom på at megler ikke har innhentet særskilte opplysninger om det finnes pålegg fra brann/feiervesen på eiendommen.

Grunnboksdato
Fredag, 25. september 2026

Konsesjon
Sidan Gnr. 23 Bnr. 122 er 2 131 og Gnr. 23 Bnr. 122 Fnr. 8 er ubebygd, så krev kommunen eigenfråsegn om konsesjonsfridom.

PRISANTYDNING INKLUDERT OMKOSTNINGER

Omk. kjøper beskrivelse
5 300 000,00 (Prisantydning)

_____
5 300 000,00 (Kontraktsum totalt)

Omkostninger

132 500,00 (Dokumentavgift)
545,00 (Tinglysningsgebyr pantedokument)
545,00 (Tinglysningsgebyr skjøte)

_____
133 590,00 (Omkostninger totalt)

_____
5 433 590,00 (Totalpris inkl. omkostninger)

_____

Vi gjer merksam på at totalsummen ovanfor er berekna med utgangspunkt i ein kjøpesum tilsvarande prisantydninga. Det vert teke atterhald om endringar i gebyr.

Betalingsbetingelser
Kjøpesummen med tillegg av omkostningar skal vere disponibel på klientkontoen til meklar innan overtaking. Normalt inneber dette at fullt oppgjer må vere innbetalt på klientkontoen til meklar seinast to yrkedagar før avtalt overtakingsdato.

Eventuelle vilkår knytte til innbetalinga, til dømes pantedokument som skal tinglysast til fordel for banken til kjøpar, må vere meklar i hende i god tid før overtaking kan finne stad.

Kjøpesummen skal betalast inn frå norsk finansinstitusjon og/eller frå kjøpar sin konto i norsk finansinstitusjon. Eventuell eigenkapital skal betalast inn som éi samla innbetaling frå

kjøpar sin eigen konto i norsk finansinstitusjon.

Alle eigedomsmeklingsføretak har lovpålagd forsikring av klientmidlar avgrensa oppover til kr 45 mill. Enkeltsaker er forsikra med inntil kr 15 mill. Dersom kjøpar sin låneinstitusjon krev tilleggsforsikring ved omsetning over kr 15 mill., må kjøpar sjølv eller kjøpar sin låneinstitusjon dekkje kostnadene knytte til dette.

Lovanvendelse

Generelle avtalevilkår
Eigedomen vert seld etter reglane i avhendingslova.

Salsoppgåva er basert på dei opplysningane seljar har gitt til meklar, den bygningssakkunnige sin tilstandsrapport, samt opplysningar innhenta frå kommunen, Kartverket og andre tilgjengelege kjelder. Seljar har godkjent salsoppgåva.

Det er viktig at kjøpar set seg grundig inn i alle salsdokumenta, mellom anna salsoppgåva, tilstandsrapporten og eigenerklæringa frå seljar. Kjøpar vert rekna for å kjenne til forhold som er tydeleg skildra i salsdokumenta, og slike forhold kan ikkje gjerast gjeldande som manglar. Dette gjeld uavhengig av om kjøpar har lese dokumenta. Alle interessentar vert oppmoda om å undersøkje eigedomen nøye, gjerne saman med ein fagkunnig, før bod vert gitt. Ein kjøpar som vel å kjøpe eigedomen usett, kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko vedkomande burde ha vorte kjend med ved ei undersøking. Dersom det er behov for avklaringar, tilrår vi at interessentar rådfører seg med eigedomsmeklar eller eigne rådgjevarar før det vert lagt inn bod.

Ein bustad som har vore i bruk ei viss tid, vil vanlegvis ha vore utsett for slitasje, og skadar kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøpar rekne med, og det kan verte avdekt enkelte forhold etter overtaking som gjer utbetringar nødvendige. Normal slitasje og skadar som krev utbetring, er innanfor det kjøpar må forvente og vil ikkje utgjere ein mangel.

Rettane og pliktene til kjøpar og seljar vert regulerte av avtalen mellom partane, samt informasjonen som har vore tilgjengeleg for kjøpar i samband med handelen. Avtalen vert utfylt av avhendingslova, og det gjeld ulike avtalevilkår avhengig av om kjøpar er forbrukarkjøpar eller ikkje. Dette er nærare skildra nedanfor.

På grunn av ulike avtalevilkår kan seljar vurdere bod frå ein som ikkje er forbrukar, annleis enn bod frå ein forbrukar. Dersom kjøpar ikkje er forbrukar, er det moglege mangelsansvaret til seljar avgrensa fordi eigedomen vert seld «som han er». Seljar kan ikkje ta «som han er»-atterhald overfor ein forbrukarkjøpar. Sjølv eit lågare bod frå ein som ikkje er forbrukar, kan verte føretrekt fordi avgrensinga i mogleg mangelsansvar kan ha ein eigenverdi for seljar. Seljar står fritt til å forkaste eller akseptere eit kvart bod og er til dømes ikkje forplikta til å akseptere det høgaste bodet. Bodgivar skal i bodskjemaet gi eigenerklæring om bodgivar er forbrukar eller næringsdrivande/person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukarkjøp – definisjon
Med forbrukarkjøp meiner ein kjøp av eigedom når kjøparen er ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukar – avtalevilkår
Eigedomen har ein mangel dersom han ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen, eller dersom det ligg føre brot på føresegnene i avhendingslova §§ 3-2 til 3-8. Dersom eigedomen ikkje er i samsvar med det kjøparen må kunne forvente ut frå alder, type og synleg tilstand, kan det vere grunnlag for mangelskrav.
Det same gjeld dersom opplysningar om eigedomen er haldne tilbake eller det er gitt uriktige opplysningar. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det verka inn på avtalen at opplysninga ikkje vart gitt, eller dersom uriktige opplysningar ikkje vert retta i tide på ein tydeleg måte.
Bustaden kan ha ein mangel etter avhendingslova § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, føresett at avviket er på 2 % eller meir og minimum 1 m².
Ved berekning av eit eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøpar sjølv dekkje tap/kostnader opp til eit beløp på kr 10 000 (eigendel).

Ikkje-forbrukar (næringsdrivande) – definisjon
Dersom kjøpar er ein juridisk person, eller ein fysisk person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd, vert kjøpet ikkje rekna som eit forbrukarkjøp.

Ikkje-forbrukar – avtalevilkår
